

REVISJONSMELDING 4H BUSKERUD 2023

Eg har gått gjennom eit utval av bilag, kontrollert avstemmingar av bank og andre konti i balansen. Bokførte saldi på bankkonti stemmer med utskrifter frå bank. Rekneskapen er så langt eg kan sjå ryddig og korrekt bokført.

Rekneskapen viser eit overskot for 2023 på kr. 542.350,-. Av dette er inntektsførte midlar frå nedlagte klubbar eldre enn 5 år på kr. 181.821,-. Det er grunn til å påpeike at eit såpass godt resultat bør disponerast på ein måte som fører til auka aktivitet for medlemmene og ikkje minst til rekruttering og moglege oppstart av nye klubbar der det er grunnlag for det.

Ein del disposisjonar i denne typen rekneskap er basert på styrevedtak og i stor grad er posteringar dokumentert med utskrift frå styreprotokoll. I 2023 gjeld dette særleg inntektsføring som nemnd ovanfor og i tillegg plassering av midlar i fond. Eg ser dei disposisjonar som er gjort som trygg og god forvaltning av kapital men det er viktig at styret og årsmøtet også er inneforstått med at det kan innebere ein viss risiko.

Etter mi meining viser rekneskapen eit korrekt bilete av 4H Buskerud si drift i 2023 og status pr. 31.12.2023

Hemsedal 18.02.2024



Kjell Huso